



Referat frå møte i fylkesberedskapsrådet 8. februar 2022

Deltakarar: Statsforvaltaren i Vestland, HV-09, Haakonsværn orlogsstasjon, Vest politidistrikt, Sør-Vest politidistrikt, PST Vest PD, Helse Fonna, Helse Bergen, Helse Førde, Vestland fylkeskommune, KDS Hordaland, KDS Sogn og Fjordane, Telenor, Fiskeridirektoratet region vest, Hordaland Sivilforsvarsdistrikt, Sogn og Fjordane Sivilforsvarsdistrikt, NRK, UDI, Røde Kors, Avinor, Redningsselskapet region vest, 110-sentralen, Bergen havn, Kystverket, Meteorologisk institutt, Bufetat region vest, NHO, Statens kartverk, Statens vegvesen region vest, kyrkja, Mattilsynet region sør og vest og Nasjonal sikkerhetsmyndighet

Innleiing ved fungerande statsforvaltar Gunnar Hæreid

Det er lenge sidan siste fysiske møte i fylkesberedskapsrådet grunna koronapandemien. Eit viktig føremål med møtet er at vi skal kjenne dei vi samarbeider med. Det er difor viktig med fysiske møte slik som dette.

Etter beredskapsinstruksen har fylkesberedskapsrådet tre sentrale roller:

1. Drøfte relevante samfunnstryggleiks- og beredskapsspørsmål og vere ein arena for oversikt og gjensidige orienteringar
2. Bidra til felles risiko- og sårbarheitsbilde og felles plattform for planlegging
3. Vere førebudd på støtte i Statsforvaltaren si samordning av krisehandtering

Å syte for tryggleiken til innbyggjarane er ei av dei viktigaste oppgåvene til staten. Den tryggleikspolitiske situasjonen i Europa er uoversiktleg og det er svært vanskeleg å seie noko sikkert om korleis den kan kome til å utvikle seg, og om tryggleiken vår vert utfordra. Vi meiner difor at det er rett at vi brukar nokre timar saman til å dele den kunnskapen og informasjonen vi har per no, og som vi har lov til å dele. På bakgrunn av det må vi diskutere kva vi meiner at dette betyr for oss; både kvar for oss og samla.

Eit anna trekk ved den tida vi lever i som vi ønskjer å rette merksemd mot i møtet er trusselen om digitale angrep som aukar og rårar veldig bredt. Vi er difor glad for å ha med oss Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) til å hjelpe oss med å løfte fram denne utfordringa.

Pandemisituasjonen v/fylkeslege Sjur Lehmann og fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand

Det er mykje smitte i samfunnet i dag. Omikronvarianten, som no er den dominerande varianten av covid-19, er meir smittsam enn tidlegare variantar, men mindre farleg. Sjølv om smittetala aukar sterkt, er det ikkje ein tilsvarande auke i innleggingar på sjukehusa.

Vi har no gått over til eit system der ein stor del av dei som testar positivt gjer det ved bruk av sjølvtestar, og sjølv registrerer testresultatet. Det er truleg ein del større feilkjelder, og ein må difor gå ut frå at det er store mørketal for smitte.

Sidan omikronvarianten verkar å vere mindre farleg, er ikkje smittetal lengre det viktigaste kriteriet for å vurdere konsekvensane av pandemien. I tida som kjem vil det vere konsekvensar som fråvær frå jobb, sjukemeldingar og innleggingstal på sjukehusa som vil vere det viktigaste grunnlaget for å vurdere behov for tiltak.

Det er viktig å lære av erfaringane vi har gjort oss under pandemien. Når pandemien er over vil det vere viktig å gjennomføre ei omfattande evaluering av pandemien, men så langt har vi gjort oss nokre erfaringar som vi tenkjer er relevante for dagens tema; ei mogleg tryggleikspolitisk krise:



- Kriser som varer over tid og omfattar mange sektorar er krevjande, og krev ei meir heilskapleg tilnærming til avgjerdsprosessar og prioritering. Det er viktig at planverket tek omsyn til det.
- Planverket må òg ta omsyn til korleis befolkninga faktisk reagerer. I dei fleste tilfelle omtalar planverket i stor grad korleis ein skal kunne handtere ei problemstilling innanfor eit gitt geografisk område. I realiteten vil nok dei fleste prøve å kome seg bort frå der det eventuelt kan skje uønskte hendingar. Under pandemien ønskte folk å reise på hytta og som kom hytteforbodet.
- Kommunane har ei svært viktig rolle og betydning i handtering av kriser. Pandemien har vist at dei er i stand til å handtere alvorlege hendingar, men den har òg avdekt sårbarheiter.
- Handteringa har nok ein gong vist svært tydeleg at samvirke og samhandling er viktig. Ein del av samvirket er å formidle og tolke informasjon frå nasjonale styresmakter og ut til kommunane.
- Tilliten som innbyggjarane har hatt til styresmaktene under heile pandemien har ført til god etterleving av tilrådingar og reglar. Vi kan ikkje ta det for gitt ved seinare hendingar.

I tida som kjem må ein vere budd på at det kan bli høge fråværstal. Det er difor viktig med gode kontinuitetsplanar for korleis ein skal kunne oppretthalde drift av samfunnskritiske funksjonar i tida som kjem. Kommunane rapporterer til Statsforvaltaren kvar veke, og det er igjen grunnlaget for dei faste rapportane som vi sender til nasjonale styresmakter. Det er viktig for oss å kunne formidle eit samla bilde av situasjonen i fylket. Vi ber difor om at medlemene i fylkesberedskapsrådet òg rapporterer til oss viss i tilfelle utfordringar med å levere kritiske samfunnsfunksjonane som de er ansvarlege for.

Tryggleikspolitisk situasjon: Orienteringar om dagens trusselbilete og roller/ansvar

Heimevernet, politiet, PST, Sivilforsvaret og Statsforvaltaren gav orienteringar om trusselbildet, dagens situasjon i Vestland og roller/ansvar i arbeidet med tryggleikspolitiske utfordringar.

Dagens trusselbilete

Bakteppe for orienteringane var den tryggleikspolitiske situasjonen i Europa, med spenningane mellom Ukraina og Russland. Orienteringane om trusselbilete frå forsvaret, PST og politiet var basert på dei nasjonale trusselvurderingane til Etterretningstenesta og PST (nye vurderingar vart publisert fredag 11. februar).

Trusselvurdering Etterretningstenesta: <https://www.forsvaret.no/aktuelt-og-presse/publikasjoner/fokus>

Trusselvurdering PST: <https://pst.no/alle-artikler/trusselvurderinger/ntv-2022/>

Hovudkonklusjonen i innlegga var at sjølv om det er ein spent situasjon i Europa er det ikkje grunn til å frykte at det vil føre til krig i Noreg. Sjølv om det er ein konstant etterretningstrussel mot Noreg, ser ein samstundes at fleire aktørar er betre på å fange opp mistenkeleg aktivitet og såleis bidreg til å avdekke etterretningsverksemd.

For alle aktørane som arbeider med å utarbeide trusselvurderingar er det viktig å få inn tips. Alle aktørar med ansvar for samfunnskritiske funksjonar bør syte for å varsle politiet viss dei meiner at aktivitet kan vere mistenksam. Dette er ikkje særskilt knytt til dagens situasjon, men som ei generell oppmoding. Informasjonen vil da bli formidla til rett instans og vil kunne bidra til å gi eit heilskapleg situasjonsbilete. Ei slik varsling bør vere ein del av den interne tryggleikskultur i slike verksemd.



Evakuering og eigenberedskap

Sivilforsvaret informerte om sitt ansvar for ivareta sivilbefolkninga i ein krisesituasjon. Det omfattar mellom anna ansvaret for evakuering av utsette område, og potensielt kunne flytte mange folk. Sjølv om vi i nyare tid ikkje har opplevd å måtte fasilitere mottak og handtering store folkemengder som følgje av ein krig, gjorde ein seg mange erfaringar under den store flyktingstraumen i 2015. Det er erfaringar som er viktig å ta med seg inn i eit slikt arbeid.

I ein normal situasjon er det politiet som har mynde til å bestemme ei evakuering og tilhøyrande varslings. Ved ei eskalering til krig får Sivilforsvaret mynde til å iverksette evakuering.

Som det går fram av Meld.St. 5 (2020-2021) har Regjeringa bestemt at innretninga til framtidig beskyttelsestiltak skal baserast på tre hovudtiltak: rettidig befolkningsvarslings med høg dekningsgrad, hensiktsmessig evakuering til trygge opphaldsstader og eigenberedskap.

Ressurspådrag og omfang av Sivilforsvarsmateriell og styrker i Vestland er relativt omfangsrike for forsterkingsoppgåver i fred, men vil krevje nøye vekting og prioritering i øvre del av krisespektrumet grunna avgrensing av omfang.

Sivilforsvaret understreka behovet for eigenberedskap; både hjå den enkelte og i verksemdar.

Årets eigenberedskapsveke vil gjennomførast i veke 44.

Arbeidet med totalforsvaret

Totalforsvaret er på mange måtar samvirke i praksis; Korleis nyttar vi dei samla ressursane vi har på ein god måte.

Statsforvaltaren har gjennom sin samvirkeinstruks eit ansvar for å samordne arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap på sivil side, og kontakten innan totalforsvaret i fylket. Statsforvaltaren skal bidra til å etablere god kontakt, leggje til rette for gjensidig støtte og samarbeid mellom sivile og militære styresmakter, og samordne den sivile delen av totalforsvaret. Statsforvaltaren kan få særskilt mynde i situasjonar med fare for krig.

NATO sine sju forventningar («Seven Baseline Requirements») er grunnleggjande for kor robust det sivile samfunnet er:

1. Sikre kontinuitet for styresmaktene og kritiske offentlege tenester
2. Sikre ei robust energiforsyning
3. Sikre evna til å handtere ukontrollert forflytting av menneske
4. Sikre robust mat- og vassforsyning
5. Sikre evna til å handtere masseskadesituasjonar
6. Sikre robuste sivile kommunikasjonssystem
7. Sikre robuste transportsystem

Vi har dei siste åra gjort oss fleire erfaringar som har vore nyttige for det vidare arbeidet med totalforsvaret, t.d. øvinga «Trident Juncture» i 2018 og handteringa av pandemien.

Det nasjonale arbeidet med totalforsvaret har så langt i liten grad inkludert kommunalt nivå. Det vil vere ein viktig del av det vidare arbeidet. Det er fleire aktørar i fylkesberedskapsrådet som har oppgåver som omfattar dialog med kommunane. Det er viktig at vi samordnar oss godt i dialogen med kommunane og informerer kvarandre om det.



Det er viktig at vi i dialogen vidare har låg terskel for å snakke saman, og held fram med å utvikle eit samfunn som er i stand til å førebyggje og handtere uønskte hendingar. Vi må òg sikre at vi som eit fellesskap er i stand til å forstå den situasjonen vi er i til ein kvar tid, og bidra til å dele informasjon på ein god måte.

Kommunikasjon

- Media spelar ei svært viktig rolle i kriser. Vi er heldige som har gode redaksjonsstyrte media.
- Openheit sikrar tillit til styresmaktene.
- Det er viktig å nytte ulike kommunikasjonskanalar/-plattformer slik at ein når dei ulike delane av befolkninga.
- I ein meir tilspissa situasjon vil oppdatert og truverdig informasjon vere veldig viktig.

NRK orienterte om at 92% av den norske befolkninga nyttar eit NRK produkt kvar dag, og at ein under pandemien har sett at fleire har brukt redaktørstyrte media.

Oppfølging av mistenkeleg åtferd

- Mistenkeleg åtferd vert i dei fleste tilfella avdekt lokalt, og så følgt opp på eit overordna nivå.
- Politiet ser på det som viktig å respondere på slik åtferd for å vise at ein følgjer med.
- Det er viktig at forvaltninga har eit medvite forhold til trusselbildet til dømes ved kjøp av varer og tenester.
- Fleire av aktørane i fylkesberedskapsrådet ønsker at eigne tilsette skal få ei orientering frå politiet om kva ein bør sjå etter, og korleis ein skal handle viss ein synst aktivitet kan verke mistenkeleg.

Trusselen i det digitale rom

NSM orienterte om trusselbilete i det digitale rom. Orienteringa bygger på den opne trusselvurderinga. NSM publiserte ei ny trusselvurdering fredag 11. februar;

https://nsm.no/getfile.php/137798-1644424185/Filer/Dokumenter/Rapporter/NSM_rapport_final_online_enekeltsider.pdf

Vegen vidare

Gradert vedlegg til fylkesROS: Statsforvaltaren har fått i oppdrag å utarbeide eit tryggleikspolitisk scenario som eit tillegg til fylkesROS. I første omgang vil Statsforvaltaren kople på HV, politiet og Siviltforsvaret i arbeidet med scenarioet. Frist for ferdigstilling av scenarioet er utgangen av 2022.

Vidare møteaktivitet: Statsforvaltaren vil vurdere situasjonen og kalle inn til nytt møte viss situasjonen skulle tilseie det. Dei andre aktørane i fylkesberedskapsrådet vert oppmoda til å gi beskjed viss dei tenkjer at det kan vere aktuelt med eit møte.

Gradert informasjon: Dei ulike aktørane har ulik tilgang til graderte plattformer. Det er òg svært avgrensa med lokasjonar der ein kan ha gradert tale. Det vil vere viktig å sjå på korleis vi skal kommunisere om problemstillingar på gradert nivå.

Bruk av fylkesberedskapsrådet: Fylkesberedskapsrådet har særleg ei viktig rolle i å sikre eit felles situasjonsforståing mellom aktørane, og bidra til å koordinere innsats og ressursbruk i fylket.

Diskusjon om verneplikt og rekvisisjon av objekt: Det er behov for å ta ein diskusjon rundt verneplikt og rekvisisjonar. Eit aktuelt spørsmål er kva verksemder som er av ein slik karakter (samfunnskritiske) at tilsette bør ha fritak for teneste. Det er problemstillingar som i all hovudsak vil måtte avgjerast på nasjonalt hald, men vi bør ha ein diskusjon i fylket og spele inn våre synspunkt til nasjonale myndigheiter.



Kommunikasjon: Det er viktig å halde fram å diskutere kommunikasjon, og korleis vi i fellesskap kan ha ei god evne til å informere ålmenta om situasjonsbildet og risiko for uønskte hendingar. Det gjeld òg i situasjonar med tryggleikspolitisk krise.